

Vonheim-basar med 13600 i inntekt

13.11.2011



Vonheim-basarane er alltid godt besøkt

Då den tradisjonelle basaren til inntelt for Vonheim starta i ettermiddag måtte leiar Britt Torill Mathiesen visa til eit budsjett-gap på 9 000 kroner. Ho sette som vanleg sin lit til basaren, som er grendahuset sin største inntektpost og plar sørge for eit godt overskot.

Det gjorde den også i år, med ei inntekt på 13 600 kroner. Resultatet er 2000 kroner betre enn i fjor og like bra som i 2009. melder Ingolf Musland.



Leiaren har all grunn til å vera fornøgd

Basaren har eksistert så lenge Vonhiem har stått i grenda og folket i Haugland/Musland sviktar aldri. Rundt rekna 50 kom denne gongen og av dei var det så mange smårollingar at konklusjonen er enkel: Det er svært god rekruttering for tida i denne delen av Uskedalen.

Men det bør presiserast at det ikkje var folk berre frå Musland og Haugland i dag, Det var også fleire frå det som kan kallast dei sentrale delane av bygda, Stutt sagt kom det folk frå Friheim til fjorden, Og dei fleste hadde imponerande nok med seg gevinstar.

Basaren vart avvikla etter kjent mønster. Først var det andaktsstund ved Margot Haugland og deretter avvikla leiaren raskt årsmøte der dei ikkje i farten fann nokon erstattar for Anne Kjersti Lunde. Dei andre i styret er Andreas Kristoffersen, Rikard Haugland og Anne Grethe Haugland. Utgiftssida viste ein sum på knappe 13 000 der strøm og forsikring er dei dominerande postane.

Einskilde problem er det, til dømes med vanntrykket, og ei trykhpumpe bør kanskje monterast.

I kjjellaren er det væte og banken er søkt om midlar til ei varmepumpe. Men ellers er det trivelege foorsamlingshuset framleis i god stand og tjener føremålet sitt på utmerket vis.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Basaren er igang etter kjent mønster og med små og store i funksjon